



## Referat styremøte i NJFF - Sogn og Fjordane


**Stad:** Skei

**Tid:** Måndag 7. november 2022, kl. 18.00

Tilstade	Ikkje møtt
Håkon Huseklepp (Leiar) Ingunn Loen Sunde Bjørnar Eikenes Siv Solberg Torger Eimhjellen Terje Johansen (nestleiar/ ref) Morten Jacobsen (teams) Reidun Solberg Seim Frode Ølmheim	Henning Haugholt

### Sakliste:

<b>88/22</b>	<b><u>Godkjenning av referat frå sist møte</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Referatet godkjent utan merknadar</li></ul>
<b>89/22</b>	<b><u>Referatsaker</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Håkon Huseklepp</b> har delteke på forbundsmøte Gardemoen 22.10.</li><li>- Møte med lokallag 19.10, det framkjem ynskje om tillitsvalt samling over ein dag med tema bruk av portal og drift av lokallag.</li><li>- <b>Terje Johansen</b> har delteke på FNF møte 10.10</li><li>- Delteke på møte med lokallag 19.10</li><li>- <b>Morten Jacobsen</b>, intervju av lokalaviser (Sogn avis, NrK, Firda) ang lakserømming i aller aqua AS i vadheimsfjorden Høyanger. Kort orientering om kva aktivitetar Vik jakt og fiske har organisert siste tida.</li></ul> <b>Reidun Solberg Seim:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- 08.09, teams, møte RS og admin</li><li>- 15.09, teams møte RS og admin</li><li>- 21.09, teams, deltaker.no og NJFF</li><li>- 21.09, teams, villreinforvaltning og NJFF</li><li>- 22.09, teams, møte RS og admin</li><li>- 27.10, teams, møte RS og admin</li><li>- 27.10, teams, vedtekter og vidare arbeid</li><li>- 27.10, teams, virksomhetsmøte NJFF</li><li>- 01.11, teams Friluftsliv barn og unge</li></ul>
<b>90/22</b>	<b><u>Kontakt med lokallaga</u></b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Håkon Huseklepp kontakt med Fjaler jff og Kåre Myklebust ang rømming av oppdrettslaks.</li></ul>
<b>91/22</b>	<b><u>Opplæringsjakt i Bremanger- evaluering</u></b>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vellukka samling, ser ikkje ut som ein får nytte terrenget neste sesong. Bjørnar Eikenes er i dialog med ny grunneigar.</li> </ul>
<b>92/22</b>	<p><b><u>Friluftsliv for ungdom i Sogn</u></b></p> <p>To av damene i ungdomsutvalet har trekt seg frå sine verv. Det er behov for nokon til å drive arbeidet og få inn nye krefter primært frå Sogn.</p> <p>Lite aktivitet i utvalet.</p> <p><b>Må følges opp!</b></p>
<b>93/22</b>	<p><b><u>Friluftsliv for barn og unge</u></b></p> <p>Det er søkt og innvilga 800 000,- frå lotteri og stiftelsestilsynet. Midlane skal nyttast primært til ein prosjektkoordinator, men det vert også utdelt 5000,- pr arrangement innanføre denne gruppa.</p> <p>4 kommunar som deltek i prosjektperioden 2023: Hyllestad, Luster, Gloppen og Kinn. Gjennomført eit møte den 01.11, her deltok Reidun SS, Daniel, Bjarne H og Håkon H.</p> <p>Det vert oppretta ein felles kalender der ein samlar alle aktivitetar og arrangement. Viktig at ein når ut til flest mogleg og at kalenderen vert presentert på arenaer der det er naturleg.</p> <p>Forslag om å legge dette i spond.</p> <p>Arrangement vert gratis.</p> <p>Planlagt for eit felles teamsmøte med alle organisasjonane 15.11 samt eit møte med adm gruppe den 16.11.</p>
<b>94/22</b>	<p><b><u>Årsplanlegging 2023</u></b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tillitsvalt samling på Skei den 4 februar, vert her også eit kurs i sosiale medium.</li> <li>2. Predator kurs 4 mars kl 15:00-19:00. Planlagt lagt til Skei, jaktutvalet lagar invitasjon for utsending.</li> <li>3. Flugekastekurs, Morten tek kontakt med Brede ang dette.</li> <li>4. Fiskekurs i lokallaga (Gøran)</li> <li>5. Oppfølging av prosjektet friluftsliv barn og unge gjennom året 2023.</li> <li>6. Flytte planleggingsmøte for årsaktivitetar til måndag framfor å legge det til ei helg i 2023.</li> </ol>
<b>95/22</b>	<p><b><u>Planlagde aktivitetar</u></b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Planleggingsamling 11-12. nov er avlyst grunna låg påmelding. Det er høg kostnad ved avlysing så tett på arrangement, og for framtida må ein sikre tid mellom påmeldingsfrist og avbestillingsfrist på lokale og opphald. Denne samlinga kosta NJFF 22 000,- i hotellovernatting som ein ikkje får nytta.</li> <li>- Det kjem forslag om å avhalde eit styremøte med overnatting pr år. Dette for å sikre også det sosiale med arbeidet. Alle bes tenkje kvar for seg, og komme med gode forslag til sosial aktivitet, overnatting og styremøte i 2023.</li> <li>- Årsmøte, valkomiteen må starte arbeidet. Styret må vurdere om ein skal avholde møte saman med Hordaland, dato og plassering/stad for møte</li> <li>- Styremøte vert lagt til første måndag i mnd.</li> </ul>

96/22	<u>Ymse</u> - Ingen innmelde saker.

Ref: Terje Johansen, nestleiar og referent i styret NJFF Sogn og Fjordane

